

# International Symposium of *Sculpture*

Os, Norway  
1999 - 2019

24. juni - 6. juli 2019






Arne Mæland - klar for opning av det første symposiet på Os i 1999

Foto: Vidar Langeland

## 20 ÅR MED GALSKAP

---



**Sidan 1999** har Os kulturutvikling skipa til Os internasjonale skulptursymposium annakvart år. Det heile byrja med at kunstnaren Arne Mæland frå Os reiste til Carrara i Italia for å læra å arbeida med stein. Læremeisteren hans der, Boutros Romhein, hadde røynsle frå skulptursymposium, og ei mengd gode kontaktar. Vel heime sette Mæland i gang med å førebu symposium i Os. Han samla

interesserte folk som kunne og ville bidra, og med stor dugnadsinnsats vart Skulptur 99, det fyrste skulptursymposiet i Os, ein realitet. Arrangørane fekk god hjelp frå Boutros. Han ordna med marmor frå Carrara, knytte kontakt med kunstnarar og stilte opp med nyttig røynsle og gode råd. Han var også ein av kunstnarane som deltok. Stiftinga Os kulturutvikling vart skipa for å stå for symposiet.



*Skulptursymposiet på Os i starta i eit telt i 1999. I dag har Os kulturutvikling fått bygd om den gamle Vognhallen i Os til galleri og arbeidsplass for steinhoggarar og andre kunstnarar. Foto: Vidar Langeland og Randi Hjertaas*

### **Frå telt til historisk hus**

På det første symposiet i 1999 var det med tolv skulptørar frå til saman åtte land, tre av dei var norske. Det vart rigga til eit hundre meter langt telt på fyllinga i Haugsnesfjæra, der «Vindu mot fjorden» no ligg. Med utsyn til laksen som hoppa i Oselva arbeidde kunstnarane intenst i to veker, og fullførte kvar sin skulptur. På alle dei seinare symposia har kring halvparten av skulptørane vore nye, medan dei andre har vore med tidlegare.

Dei tre følgjande symposia, i 2001, 2003 og 2005 vart arrangert på same staden. Symposia i 2007, 2009, 2011, 2013 (i 2015 vart symposiet erstatta med utstilling) og 2017, har gått føre seg i Vognhallen. Den 70 meter lange bygningen var vognhall for Osbanen, som var i drift frå 1894 til 1935. I 2017 opna «Huset i huset», etter at den sørlege delen av

Vognhallen vart bygd om til galleri og blir nytta til utstilling og lunsjrom for kunstnarane.

### **Osingane bidrar**

Os internasjonale skulptursymposium er spesielt på fleire måtar. Frå fyrste stund har det vore viktig å gjera symposiet til ei kulturfest som vart lagt merke til i bygda. Symposiet går føre seg i Os sentrum, og folk har alltid kunna gå fritt mellom kunstnarane og kunstverka og sjå på arbeidet og på forvandlinga frå steinblokk til vakker skulptur. Såleis har ein også ønskt at dei tilreisande skulptørane skulle kjenna seg heime i bygda. Dei har alltid blitt husa hos lokale familiar, og blitt inviterte med på ymse kulturfestar. Kunstnarane som har vore med på symposiet fleire gonger, har gjerne fått sin eigen Os-familie som dei er blitt godt kjende med.



Foto: Vidar Langeland

### Ingen veit kva dei får

Det mest spesielle med symposiet vårt er måten skulpturane vert selde på.

Os kulturutvikling sel alle skulpturane på førehand, til privatpersonar og bedrifter i Os, og elles i bergensområdet. Ingen av kjøparane veit kva skulptur dei får, eller kven som har laga han. Loddtrekkinga av skulpturane er ei storhending. Siste dagen vert alle skulpturane stilte ut, og kjøparane trekkjer lodd om kven som får velja skulptur først. Dei første åra var ikkje skulptørane særleg glade for denne måten å gjera det på, men dei har etter kvart innsett at dette er noko av det spesielle med symposiet i Os.

### Skulpturbygda

Sidan 1999 har om lag 60 kunstnarar frå heile verda delteke, og laga kring 85 skulpturar. Dei fleste kunstverka er laga i marmor eller granitt, nokre i andre steinslag eller i treverk. Mange av arbeida frå symposia er å finna ymse stader i Os. Mellom anna har Os kommune kjøpt


fleire skulpturar. Dei er plassert ulike stader i bygda, til glede for fastbuande og tilreisande.

### Skulptur i tjue år

På dei neste siden har vi laga ei oppsummering med navn på alle kunstnarane som har vore med på symposia frå 1999 til 2017.

### I 2019 kjem desse skulptørane:

Anne Karin Krogevoll, Noreg  
Elena Saracino, Italia  
Naguib Moein, Egypt  
Boutros Romhein, Syria  
Marton Varo, Ungarn  
Gissella Garcia, Uruguay  
Jacob Cartwright, Australia  
Flavia Robalo, Argentina  
Isao Sugiyama, Japan  
Marcela Romagnoli, Chile  
Petre Mogosanu, Romania  
Rune Hjermann, Noreg




Olli Mantere 1999  
*Foto: Vidar Langeland*



Foto: Vidar Langeland

# 1999

---



**Mette Midtseter**  
Göteborg, Sverige 1960

**Carlos Monge**  
Mexico, 1947

**Boutros Romhein**  
Syria, 1949

**Susanna Bauer**  
Tyskland, 1970

**Christiana Cravanzola**  
Italia, 1988

**Anne Beite**  
Ålesund, Noreg 1956

**Leif Gjerme**  
Voss, Noreg 1953

**Daniel Bragoni**  
Luxemburg, 1966

**Renata Ruffilli**  
Italia, 1964

**Timothy Mark**  
USA, 1970

**Arne Mæland**  
Etne, Noreg 1950

**Marton Varo**  
Ungarn, 1943




Boutros Romhein 1999  
*Foto: Vidar Langeland*



Foto: Vidar Langeland

# 2001

---



**Lehel Domokos**  
Romania

**Olli Mantere**  
Finland, 1972

**Mette Midtseter**  
Göteborg, Sverige 1960

**Seong Joo Moon**  
Korea, 1964

**Kestutis Musteikis**  
Litauen, 1956

**Attila Ráthgéber**  
Ungarn, 1967

**Marcela Romagnoli**  
Chile, 1970

**Boutros Romhein**  
Syria, 1949

**Renata Ruffilli**  
Italia, 1964

**Timothy Mark**  
USA, 1970




Moon Seong Joo 2001  
Foto: Vidar Langeland



Foto: Vidar Langeland

# 2003

---



**Mette Midtseter**  
Sverige, 1960

**Karin van Ommeren**  
Nederland, 1955

**Kestutis Musteikis**  
Litauen, 1956

**Marcela Romagnoli**  
Chile, 1970

**George Dan Istrate**  
Romania, 1975

**Olli Mantere**  
Finland, 1972

**Kim Moon Kyu**  
Korea, 1959

**Attila Ráthgéber**  
Ungarn, 1967

**Mari-Liis Tammi**  
Estland, 1963

**Usama Al Nasser**  
Syria




George Dan Istrate 2003  
*Foto: Vidar Langeland*



Foto: Vidar Langeland

# 2005

---



**Seong Joo Moon**  
Korea, 1964

**Boutros Romhein**  
Syria, 1949

**Marcela Romagnoli**  
Chile, 1970

**Lutfi Romhein**  
Syria, 1954

**George Dan Istrate**  
Romania, 1975

**Annibal Ferreira**  
Portugal, 1964

**Olli Mantere**  
Finland, 1972

**Mette Midtseter**  
Göteborg, Sverige 1960

**Colin Foster**  
Storbritannia, 1954

**Karin van Ommeren**  
Nederland, 1955

**Veronica Branca-Masa**  
Sveits, 1953




Marcela Romagnoli 2005  
Foto: Vidar Langeland



Foto: Vidar Langeland

# 2007

---



**Simona Bocchi**  
Italia, 1972

**Knut Bryn**  
Noreg, 1952

**Hwang Seung-woo**  
Korea, 1960

**Marcela Romagnoli**  
Chile, 1970

**Boutros Romhein**  
Syria, 1949

**Renata Ruffilli**  
Italia, 1964

**Veronica Branca-Masa**  
Sveits, 1953

**Horváth Scaba Árpád**  
Ungarn, 1980

**Jo Kley**  
Tyskland, 1964

**Karin van Ommeren**  
Nederland, 1955

**Lutfi Romhein**  
Syria, 1954




Horvath Scaba Arpad 2007  
*Foto: Vidar Langeland*



Foto: Vidar Langeland

# 2009

---



**Simona Bocchi**  
Italia, 1972

**Knut Bryn**  
Noreg, 1952

**Renata Ruffilli**  
Italia, 1964

**Hani Fisal**  
Egypt, 1968

**Petre Petrov**  
Bulgaria, 1967

**Axel Peters**  
Tyskland, 1944

**Jo Kley**  
Tyskland, 1964

**Eric Malou**  
Togo, 1978

**Hwang Seung-woo**  
Korea, 1960

**Fabio Rebora**  
Italia, 1972

**Knut Hetlefåt**  
Os, Noreg, 1964




Simona Bocchi 2009  
*Foto: Vidar Langeland*



Foto: Vidar Langeland

# 2011

---



**Boutros Romhein**  
Syria, 1949

**Knut Hetlefåt**  
Os, Noreg, 1964

**Anca Marina Bors**  
Romania

**Tony Cassanelli**  
Italia, 1979

**Knut Bryn**  
Noreg, 1952

**Fabio Rebora**  
Italia, 1972

**Karin van Ommeren**  
Nederland, 1955

**Simona Bocchi**  
Italia, 1972

**Petre Virgillu Mogosanu**  
Romania, 1976

**Simonetta Baldini**  
Italia

**Eric Malou**  
Togo, 1978




Anca Marina Bors 2011  
Foto: Vidar Langeland



Foto: Vidar Langeland

# 2013

---



**Boutros Romhein**  
Syria, 1949

**Eric Malou**  
Togo, 1978

**Nagy Farid**  
Egypt, 1964

**Maria Claudia Farina**  
Italia, 1965

**Knut Hetlefåt**  
Noreg, 1964

**Petre Virgiliu Mogosanu**  
Romania, 1976

**Julia Vance**  
Noreg, 1968

**Ulrich Mueller**  
Tyskland, 1956

**Kim Jae Kyeong**  
Korea

**Jo Kley**  
Tyskland, 1964

**Seok Won Kang**  
Korea

**Franz Messer**  
Tyskland




Petre Virgillu Mogosanu 2013  
*Foto: Vidar Langeland*



Foto: Bjarte Haugland

# 2015 - SOMMARUTSTILLING

---



**Kjersti Wexelsen Goksøyr**  
Noreg, 1945

**Stig Eikaas**  
Noreg, 1952

**John Audun Hauge**  
Noreg, 1955

**Marit Lyckander**  
Noreg, 1954

**Arne Mæland**  
Noreg, 1950

**Knut bryn**  
Noreg, 1952

**Nico Widerberg**  
Noreg, 1960


**Gunn Harbitz**  
Noreg, 1958

**Kristian Blystad**  
Noreg, 1946

**Sissel Berntsen**  
Noreg, 1958

**Vidar Bratlund-Mæland**  
Noreg, 1978

**Hjalmar Lothe**  
Noreg, 1947




«Rumors 1,2 and 3» - Sissel Berntsen 2015  
*Foto: Bjarte Haugland*



Foto: Vidar Langeland

# 2017

---



**Andrea Berni**  
Italia

**Isao Sugiyama**  
Japan

**Marton Varo**  
Ungarn

**Butros Romhein**  
Syria

**Corrado Marchese**  
Italia

**Irene Giannaccini**  
Italia

**Karin van Ommeren**  
Nederland

**Silvio Corsini**  
Italia

**Naguib Moein**  
Egypt

**Knut Bryn**  
Noreg




«Head in wood» Silvio Corsini 2017  
*Foto: Vidar Langeland*



Vognhallen ligg flott til ved Bjørnefjorden og vert nytta til utstillingar og konserter. Foto: Randi Hjertaas

# TJUEÅRSJUBILEUM 2019

Førebuingane har starta, og Os internasjonale skulptursymposium vert større og betre enn nokon gong. Vi gler oss allereie til fjorten flotte dagar med galskap og fellesskap i 2019 kjem desse skulptørane:



## Anne Karin Krogevoll

Noreg

## Elena Saracino

Italia

## Naguib Moein

Egypt

## Boutros Romhein

Syria

## Marton Varo

Ungarn

## Gissella Garcia

Uruguay

## Jacob Cartwright

Australia

## Flavia Robalo

Argentina

## Isao Sugiyama,

Japan

## Marcela Romagnoli,

Chile

## Petre Mogosanu,

Romania

## Rune Hjermann

Noreg



Ingen av kjøparane veit kva skulptur dei får, eller kven som har laga han. Bildet er frå loddtrekkinga i 2011.

Os internasjonale skulptursymposium vert arrangert av Os kulturutvikling, dette er ei ideell stifting som skal fremja kulturlivet i Os.

Os kulturutvikling driv òg prosjektet Vognhallen, julelys på Borgafjellet og andre kulturtiltak. Vognhallen er ein gammal stall for jernbanevogner som no blir nytta til kulturaktivitet. Os kulturutvikling samarbeider og med andre lag og organisasjonar om andre prosjekt.

Styret i OK 2019: Arne Mæland, leiar, Georg Jørgensen, nestleiar, Lisbeth Axelsen, Leif Ragnar Tveit, Laila Moberg, Solfrid Ørnes, Randi Hjertaas, Marianne Kramer, Magnar Heggland og Vidar Langeland

Adresse Vognhallen  
Mobergsbakken 9,  
5200 Os

Postadresse  
Postboks 240,  
5202 Os

Kontakt: Arne Mæland  
Tel: +47 907 92 575  
E-post: arnemae@online.no

## Desse støttar Os internasjonale skulptursymposium 2019:



OS BYGG OG EIGEDOM AS

FLOYSAND

JERNIA

GRIFFIN LYSSAND  
DE NORWEGEN



Madam Ane

TRAVELNET  
OS REISEBYRÅ

Oselvarverkstaden


Hvinduet®



Cold Cat  
NET FLAMME ALDREKAT MATT

Grindenvoll  
Maskin AS

Rune Lyssand



Stig E. Nilsen  
Tlf. 935 00 708

Sommaren 2019 blir det to skulptursymposium i Os:

# SKULPTUR I LANDSKAP

29. juli - 4. august 2019

Allereie tre veker etter at Os internasjonale skulptursymposium 2019 er avslutta, vert det arrangert eit nytt symposium i Vognhallen.

I tida frå 29. juli til 4. august vil elleve internasjonale kunstnarar gjera rullesteinar frå Jæren om til skulptur. Arrangementet er eit samarbeid mellom G.C.Rieber Fondene, Galleri Solbakkestova og Os kulturutvikling.

Skulpturane vil bli gitt til dugnadsgjengen som gjer ein fantastisk innsats for å tilretteleggja friluftsområde i og rundt Bergen.

Vognhallen på Osøyro 29. juli - 4. august 2019